



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Årsrapport 2011

– plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Pressekonferanse FMMR 2011

Planlegging

Planstatistikk 2011

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandla tilsaman 1017 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova i 2011 mot 1123 i 2010. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til kommunal- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Samla tal på plan- og dispensasjonssaker for 2011 har gått tilbake samanlikna med fjoråret. Sjølv om talet på både kommuneplan- og reguleringsplansaker har auka, blir totalsummen likevel lågare p.g.a. ein kraftig nedgang i talet på dispensasjonssaker.

Innføring av ny plandel i Plan- og bygningslova har sett sitt preg på aktiviteten også i år. I tillegg til viktige kontrolloppgåver har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen ei viktig rolle i forhold til oppfølging og rettleiing av kommunane i plansaker. Nye planformer og aktivitetar knytt m.a. til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, arbeid med kommunal planstrategi, og større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som overordna utviklingsverktøy for kommunane kan nemnast her. Likeeins søkelys på konfliktområde knytt til kjøpesenterutbygging og strandsoneforvaltning. Dette var også tema på ein stor to-dagars regional plankonferanse i november. Plankonferansen vart arrangert i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens kartverk og samla kring 175 deltakarar.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Reguleringsplan	356	383	442	521	509	600	582	459	480
Kommune(del)plan	35	29	38	52	42	43	46	36	37
Dispensasjonar	478	504	586	644	572	488	593	628	520
Sum planar og disp.	869	916	1066	1217	1123	1131	1221	1123	1032
Konsekvensutgreiing	12	5	9	8					
Motsegner (tal planar)	39	30	24-30	53	64	107	96	39	62
Meklingsmøte	2	3	1	9	4	5	3	4	7
Planar sendt departementet	2	1	1*	1*	0	2* + 3	4	2	0
Klager - dispensasjonsøknader	4	10	10	17	(25)23	8	12	18	18

Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar hos fylkesmannen 2003, 2010 og 2011, og i einskapsfylket 2004 - 2009 (kulturminnevern medrekna). Ikkje alle tala er direkte samanliknbare, men gir bilde av utviklinga.

* Saker der FM/fylket ikkje var part.

Motsegner

Fylkesmannen fremma i 2011 motsegner til 62 planar (57 reguleringsplanar og 5 kommune(del)planar). Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike fagområde. Dersom ein legg enkeltmotsegner til grunn, vil såleis talet vere høgare (jf. tabellen under).

Tema for motsegn	Tal enkeltmotsegner
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	17
Strandsone/friluftsliv	19
Natur/miljø/landskap	18
Landbruk/jordvern	8
Barn-unge	11
RPB/kjøpesenter	6
Støy	7
RPR/areal-transport	0
Samla tal enkeltmotsegner	86

Talet på motsegn saker har auka kraftig samanlikna med fjoråret. I høve til talet på saker er det likevel relativt få motsegner og klager. Det er flest konflikter knytt til strandsona/natur og miljø og barn- og unge. At talet på saker knytt til strandsona har auka såpass mykje, kan henge saman med for høge forventningar til at det skulle bli enklare å få bygge i 100 meters beltet langs sjøen etter at det vart innført *Statlege planretningslinjer for strandsona* frå 01.07.2011. Saker knytt til kjøpesenteretablering skaper dei største konflikta der lokal politikk ikkje er i samsvar med nasjonal arealpolitikk nedfelt i RPB for kjøpesenter, og regional politikk som ein finn i Fylkesdelplan for senterstruktur. Motsegner til fagområda støy og beredskap er oftast av meir "teknisk" karakter, og er gjerne knytt til manglande utgreiing/kartlegging i forhold til regelverket.

Ingen saker er sendt for avgjerd i Miljøverndepartementet i 2011. For 2010 var det to slike saker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal var part i ei av desse.

Mekling

Det har vore gjennomført 7 meklingar i året som gjekk. Av desse er fire knytt til strandsoneproblematikk. Konflikter knytt til barn og unge sine interesser, jordvern og kulturminnevern var hovudtema i dei tre andre meklingane. Fylkesmannen var part i fem av meklings sakene. Alle meklings sakene enda opp med ulike typar av kompromissløyser. Ingen saker vart såleis oversendt til Miljøverndepartementet for avgjerd.

Klager fremma av fylkesmannen på kommunale dispensasjonsvedtak.

Det vart fremma til saman 18 klager på kommunale dispensasjonsvedtak. Av totalt 520 søknader utgjør klagen 3.5 % . Fordelt på saksområde omfatta dette 12 strandsoner, 2 landbruk, 1 RPB kjøpesenter og 3 natur og miljø.

Oppsummering

Aktiviteten på planområdet er omfattande og krevjande. Innføring av ny plan- og bygningslov stiller nye og utvida krav til fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. I samband med dette vil fylkesmannen saman med fylkeskommunen spele ei meir aktiv rolle i forhold til kommunane sitt behov for rettleiing og oppdatert plankompetanse.

Vi ser også at mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Det er påfallande mange reguleringsplanar som omfattar små areal. Dette har

erstatta bruk av dispensasjon, noko som vi ser på som positivt. Kommunane er no blitt meir trygge på bruken av ny plan- og bygningslov som vart gjort gjeldane 01.07.2009.

For meir informasjon om plansaker og plansaksbehandling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal; sjå hovudmenypunkt *Planlegging* på <http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1566>

19.12.2011

Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef Miljøvernavd
jon-ivar.eikeland@fmmr.no
Tlf. 7125 8468

Sveinung Dimmen
Samordnar
sveinung.dimmen@fmmr.no
Tlf. 7125 8420

Vedlegg:

Om kjøpesenteretablering som konflikttema

Vedlegg

Om kjøpesenteretablering som konfliktema

Spørsmål knytt til kjøpesenteretablering er eitt av plansaksområda som det knyter seg størst utfordringar til. Dette er gjerne saker som både utfordrar ulike verdiar og interesser, og som skaper stort lokalt engasjement.

For 2011 reiste Fylkesmannen i Møre og Romsdal motsegn til seks planar knytt til kjøpesenter/senterstruktur. Dette omfatta arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan for utbyggingstiltak i kommunane Rauma, Sunndal, Skodje, Ulstein, Ørsta og Ålesund. Erfaringsmessig er dette saker der interesse motsetningane er skarpe og der det er vanskeleg å kome fram til kompromissløyningar. Private utbyggingsinteresser representerer ofte stor økonomisk makt, og lovnader om nye, lokale arbeidsplassar vil her kunne legge stort press på kommunane.

Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 27. juni 2008; sjå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20080627-0742.html> Etter § 3 i bestemmelsen kan kjøpesenter berre etablerast eller utvidast i samsvar med godkjende fylkesplanar eller fylkesdelplanar med retningslinjer for lokalisering av varehandel og andre servicefunksjonar. I område som ikkje er omfatta av slike regionale planar vil kjøpesenter større enn 3000 m² bruksareal ikkje kunne tillatast. Av § 5 går det fram at bestemmelsen skal leggjast til grunn for nye planar og ved motstrid gi grunnlag for motsegn.

Fylkesdelplan for senterstruktur [http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/\(language\)/nno-NO](http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/(language)/nno-NO) blei vedtatt av Møre og Romsdal fylkesting i 2004 og er seinare godkjend av Miljøverndepartementet. I fylkesdelplanen s. 3 er det gitt følgjande retningslinjer for lokalisering av kjøpesenter:

"Kjøpesenter og andre større nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel og sørvis skal lokalisrast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplan. Etableringane skal tilpassast tettstaden sin storleik og funksjon.

Handel med plasskrevjande varer bør ligge i eller i utkanten av sentrumsareala. Plasskrevjande varer er bilar og andre motorkøyrety, fritidsbåtar, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer, trær og planter i hagesenter.

For å sikre eit godt tilbod av grunnleggjande funksjonar kan det leggjast til rette for mindre etableringar også utanfor tettstadene/grenda."

Målet med den rikspolitiske bestemmelsen om kjøpesenter er å styrke by- og tettstedssentra og legge til rette for miljøvennlege transportvalg, dvs. unngå ei utvikling med byspreiing, auka bilavhengigheit og dårlegare tilgjengeligheit for dei som ikkje disponerer eller ønsker å bruke bil. Det overordna og langsiktige målet er å utvikle berekraftige og robuste by- og tettstadstrukturar som kan medverke til reduserte klimagassutslepp. Bestemmelsen skal bidra til effektiv arealbruk, slik at inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområda blir redusert, og at nasjonale målsettingar om jordvern og vern om biologiske mangfald blir følgd opp.